

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Anleggsplan

Hafslo IL

2019-2022

Vedteken første gong på årsmøte 07.02.2019. Oppdatert plan vedteken på årsmøte 11.03.2021.



INNLEIING

På årsmøtet for 2018 den 07.02.2019, vart det vedteke ny anleggsplan for Hafslo IL 2019-2022. Lenkje til anleggsplanen som vart vedteken:

<https://hafslø-il.no/wp-content/uploads/2020/09/HIL-ANLEGGSPPLAN-2019-2022-endeleg-m.-endringar-etter-%C3%A5rsm%C3%B8te-07.02.2019.pdf>

Føremålet med anleggsplanen er å gje ei samla oversikt over tilstanden til dei eksisterande anlegga og å prioritere mellom nye anlegg som skal meldast inn til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Nye anlegg vart meldt inn i planprosessen våren 2019 for kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2020 – 2032, og ligg no inne i dei kommunale handlingsplanane for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg 2020-2023 i tråd med idrettslaget sine prioriteringar. Lenkje til handlingsplanane:

Handlingsplan ordinære anlegg 2020-2023: <http://www.luster.kommune.no/getfile.php/4801496.1686.wqjpbusaa7bkli/21+Handlingspl+2021-2023+ord.anl.pr+12.jan+2021.pdf>

Handlingsplan nærmiljøanlegg 2020-2023:

<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/4801499.1686.kn7mbbsnkszmjs/21+Handlingsplan+2021+-+2023+n%C3%A6rmiljanlegg+pr+19.01.21.pdf>

Det er sendt inn spelemiddelsøknader for fleire anlegg etter at anleggsplanen vart vedteken i 2019, og status og føresetnader for enkelte av anlegga har endra seg. Hoppanlegget i Kvamsbakken er også avvikla i 2020. Det er derfor behov for å oppdatere anleggsplanen i tråd med dette. Oppdatert anleggsplan for Hafslo IL 2019-2022 skal handsamast på årsmøte i Hafslo IL 11.03.2021.

Anlegga i denne planen er avgrensa til dei anlegga som Hafslø IL har eigarskap til, har langtidsleige på eller har eigarinteresser i. Sjølve anleggsplanen er tredelt. **Den første delen** er ein kort statusrapport over tilstanden til dei enkelte ferdigstilte anlegga, vedlikehaldsbehovet i planperioden og kven som har ansvaret for dette. Planen gir ikkje nokon rangering av vedlikehaldsbehova, men planen føreset at dette vert bestemt gjennom det ordinære styrearbeidet og etter kva ressursar som er tilgjengeleg i løpet av planperioden.

Del to gir ei oversikt over anlegg det er sendt inn spelemiddelsøknader for, og oppdatert status for desse. **Del tre** gir ei oversikt over planlagde anlegg og idrettslaget si prioritering av desse, samt kven som har ansvaret for vidare arbeid.

Prosess i Hafslø IL

Proessen med å utarbeida ny anleggsplan for Hafslø IL 2019-2022 har vore leia av Ove Oklevik. Arbeidet med å revidera planen starta opp i mars 2018, ved at styret i Hafslø IL sette ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med revisjonen. Arbeidsgruppa har bestått av Kai Inge Cirotzki, Ove Midtbø og Ove Oklevik. Arbeidsgruppa hadde eit innleiande møte i mars 2018, og utover dette hatt epost og telefonkontakt. Førstebels utkast til plan vart diskutert i hovudstyret den 12.juni 2018. Etter innspel frå styret i Hafslø IL, vart førsteutkast til revidert anleggsplan sendt på høyring til gruppeleiarane 24.08.2018. Det har vore opp til gruppene sjølve korleis dei har handtert høyringa, ved drøfting i gruppestyret, eller ved involvering av fleire i særgruppene om dette. Planen har vore drøfta på utvida styremøte med gruppeleiarane i oktober og desember. Endeleg frist for innspel var sett til 06.01.2019. Arbeidet med oppdatering av anleggsplanen i forkant av årsmøtet 11.03.2021 har vore gjennomført av hovudstyret, med innspel frå gruppeleiarane.

DEL 1: OVERSIKT HAFSLO IL SINE EIGNE ANLEGG

ANLEGGSNR	ANLEGG	STATUS	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	ANSVAR	BYGGET / RESTAURERT
41484	FRIIDRETTSANLEGG I MOANE	I BRUKBAR STAND	LØPEBANENE, LENGDEGROP OG KASTSONER TRENG Å VEDLIKEHALDAST. DENNE OPPGÅVA HAR VORE UTFØRT PÅ DUGNAD VED LUKING OG PÅFYLLING SAND. DET ER BEHOV FOR STØRRE VEDLIKEHALD I ÅRA SOM KJEM, FOR Å HALDE ANLEGGET I BRUKBAR STAND. DRIFTS- OG VEDLIKEHALDSPLIKT ETTER SPELEMIDDELORDNINGA FELL BORT I 2021, OG BEHOV FOR VEDLIKEHALD FRAMOVER MÅ SJÅAST I SAMANHENG MED DETTE.	STADIONSTYRET	1982
58889	FOTBALLBANE-7'AR – HAFSLO BU-SKULE	I GOD STAND	KREV KONTINUERLEG ETTERSYN OG VEDLIKEHALD. DET KAN BLI AKTUELT MED TILTAK KNYTT TIL NYE RETNINGSLINJER FOR Å UNNGÅ FORUREINING MED GUMMIGRANULAT. DETTE MÅ VURDERAST FORTLØPANDE AV STYRET I DIALOG MED FOTBALLGRUPPA.	STADIONSTYRET	2013
41482 41487	FOTBALLBANE-GRAS – HAFSLO STADION MOANE TRENINGSSENTER	I GOD STAND	KREV KONTINUERLEG ETTERSYN OG VEDLIKEHALD.	STADIONSTYRET	1974 1988
?	PUMPEHUS	I BRUKBAR STAND.	VEDLIKEHALD MTRIAL 5000 KR, + BETALING DUGNAD	STADIONSTYRET	
?	TRIBUNEANLEGG	I BRUKBAR STAND.	UTBETRING AV RÅTSKADAR, MTRIALBEHOV CA 10 000 KR.+ BETALING DUGNAD	STADIONSTYRET	
41483	FOTBALLBANE-GRUS HAFSLO STADION	I GOD STAND.	PÅFYLL GRUS, CA 10 000, FJERNING GRAS PÅ DUGNAD.	STADIONSTYRET	1974
41485	KLUBBHUS – HAFSLO STADION	I GOD STAND	KJØKKEN KAN SKIFTAST, KOSTNAD CA 50 000. UTBETRE INNGANSPARTI, RAMPAR, TRAPPER, RÅTSKADER, CA 5000. DUGNADSBELØNNING I TILLEGG. KOMMUNAL VASSTILKNYTING I 2021.	STADIONSTYRET	1984
37044	ORIENTERINGSKART OKLEVIKMARKA	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 1985 FORNYA I 2009 OPPGRADERT 2013
58883	ORIENTERINGSKART MOLLANDSMARKA	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2014
?	ORIENTERINGSKART MOANE	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 1985 FORNYA I 2009 OPPGRADERT 2013

58884	ORIENTERINGSKART GAUPNE	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2011 OPPGRADERT 2018
?	SKULEKART HAFSLO SKULE	I GOD STAND.		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2013 OPPGRADERT 2018
?	KIOSK	I GOD STAND.	ANLEGGET VART FERDIG FORNYA I 2012	STADIONSTYRET	2012
57991	SANDVOLLEYBALLBANE -HAFSLO BU-SKULE	I GOD STAND	NYTT NETT BESTILT OG VART SKIFTA 2019. BEHOV FOR ÅRLEG SNUING AV SAND.	STADIONSTYRET	2006
41486	MOANE TRIMLØYPE - HAFSLO STADION	I BRUKBAR STAND		?	1991

OVERSIKT OVER HAFSLO IL SINE LANGTIDSLEIGDE ANLEGG

ANLEGGSNR.	ANLEGG	STATUS	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	ANSVAR	BYGGET / RESTAURERT
47573	LEIGER DEL AV SERVICEBYGG PÅ HEGGMYRANE AV SOGN SKISENTER	I GOD STAND	HAFSLO IL BETALAR ÅRLEG LEIGE + STRAUMUTGIFTER TIL SOGN SKISENTER PÅ OM LAG KR.14.000 PER ÅR.	SKIGRUPPENE	2009/2010

DEL 2. ANLEGG UNDER ARBEID

Denne delen av anleggsplanen gir ei oversikt over dei nye anlegga Hafslo IL har sendt inn spelemiddelsøknader for etter at gjeldande anleggsplan vart vedteken første gong 07.02.2019. Oversikta gir ein oppdatert status for pågåande arbeid med desse anlegga per februar 2021. Som det går fram av dei lokale handlingsplanane for Luster kommune 2020-2023, ligg følgjande anlegg der Hafslo IL er søkjar inne som prioriterte anlegg:

- Lysanlegg Hafslo stadion –Moane
- Hopp K10, K19 med lysanlegg og skitau ved Sogn skisenter

- Grillhytte/gapahuk ved kunstgrasbana/skuleområdet Hafslo BU-skule
- Bygg/anlegg for hestesport ved Fluga

Lysanlegg Hafslo stadion - grasbana.

Anlegget var omtalt slik i den opprinnelege anleggsplanen som vart vedteken av årsmøtet 07.02.2019: «Eit lysanlegg på Hafslo stadion, vil utvide bruksmoglegheitane for grasbana tidleg om våren og om hausten. Det har vore ei utfordring å få arrangert seriekampar 9ar og 11ar dei siste to månadane om hausten på grunn av manglande lys. Lysanlegg kan realiserast innanfor spelemiddelordninga. Det er innhenta eit kostnadsoverslag for lysanlegg på Hafslo stadion frå Luster Energiverk, og estimerte kostnader er på om lag 1,3 millionar. Styret rår til at det vert sendt inn spelemiddelsøknad for lysanlegg på Hafslo stadion våren 2019 og at dette vert høgt prioritert i komande planperiode.»

Anlegget ligg inne i den kommunale handlingsplanen for 2020-2023, med spelemiddelløying i 2022. Hafslo IL sende inn spelemiddelsøknad for lysanlegg hausten 2019, og anlegget vart godkjent våren 2020. Idrettslaget har starta arbeidet med innhenting av tilbod for grunnarbeid og lysanlegg våren 2020. Samstundes vart anlegget nabovarsla sommar 2020. Pga korona-situasjonen, vart arbeidet sett på vent. Det blir sendt inn byggesøknad for lysanlegget våren 2021, og det vert jobba med å inngå avtalar med entreprenør for grunnarbeid og leverandørar av lysanlegget. Planen er å forskuttere anlegget og få dette på plass i løpet av hausten 2021.

Hopp K10, K19 med lysanlegg og skitau ved Sogn Skisenter

Anlegget vart omtalt slik i den opprinnelege anleggsplanen som vart vedteken av årsmøtet 07.02.2019: «Det er to anlegg som det er særleg ønskje om vert prioritert gjennom Sogn Skisenter AS. Dette er ny rulleskiløype (stadion og rulleskiløype, med grunnarbeid, asfalt, snøproduksjonsanlegg og lyssetjing), og nytt hoppanlegg (nærmiljøanlegg K10+K19). Årsmøtet i Hafslo IL har tidlegare gjennom eige vedtak vedteke å løyve 300 000 kr til langrennsanlegget og 200 000 kr til hoppanlegget under føresetnad av at IL Bjørn også bidreg og at prosjektet løyser spelemidlar. Frå 2015 og fram til 2018 har arbeidet med ny reguleringsplan vore hovudfokus ved skisenteret. Reguleringsplanen er no

vedteken, og ein er i posisjon til å gå vidare med å få realisert desse anlegga. For detaljar knytt til satsinga ved Sogn Skisenter, vert det vist til dei planlagde prosjekta for hoppanlegget (K10 + K19), samt langrennsanlegg med asfalt og snøproduksjon som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Hafslo IL ønskjer at desse anlegga framleis skal ha høg prioritet også i neste planperiode.»

Opprinneleg var det tenkt at Sogn Skisenter skulle stå for søknad om hopp K10, 19, lysanlegg og skitau ved Sogn Skisenter, med støtte/avtale med Hafslo IL om drift og vedlikehald. På ekstraordinært årsmøte i Hafslo IL 24.09.2020, vart det vedteke at Hafslo IL skulle ta på seg ansvaret for spelemiddelsøknad for hopp K10, 19, lysanlegg og skitau og inngå driftsavtale med Sogn Skisenter. I tillegg vart det vedteke ei tilleggsfinansiering på kr.100.000,- for realisering av anlegget. Lenkje til protokoll frå ekstraordinært årsmøte 24.09.2020: <https://hafslø-il.no/wp-content/uploads/2021/03/Protokoll-ekstraordinaert-arsmote-HIL-24.09.20.pdf>

Spelemiddelsøknad er sendt inn hausten 2020. Vidare arbeid vert sett i gong så snart spelemiddelsøknaden er godkjent. Dette betyr at «hopp»-delen av idrettslaget si høgaste prioritering i anleggsplanen 2019-2022 er kome eit steg vidare. Langrennsdelen av satsinga ved Sogn Skisenter står framleis att som det høgast prioriterte anlegget i gjeldande anleggsplan under del 3.

Grillhytte/gapahuk ved kunstgrasbana/skuleområdet Hafslo BU-skule

Styret i Hafslo IL gjorde følgjande vedtak i sak 13/20 den 25.05.2020:

«Hafslo IL kan stå som søker på spelemidler for gapahuk/grillhytte ved skulen. Føresetnaden er at det vert inngått ei samarbeidsavtale med Hafslo Bygdelag om at bygdelaget står for alt det praktiske knytt til finansiering, oppføring og ansvar for drift og vedlikehald av anlegget.»

På grunnlag av vedtaket vart det inngått samarbeidsavtale mellom Hafslo Bygdelag og Hafslo Idrettslag 03.06.2020 om at Hafslo IL står som søker om spelemidler for anlegget, men at Hafslo Sogelag står for alt det praktiske knytt til oppføring av anlegget, og ha alt ansvar for drift og vedlikehald av dette.

Spelemiddelsøknaden vart godkjent sommaren 2020, og arbeidet vart påbegynt hausten 2020. Grillhytta/gapahuken vart opna og teken i bruk 19.desember 2020. Det står att noko mindre arbeid med straum og måling før ferdigstilling.

Bygg/anlegg for hestesport ved Fluga

Styret i Hafslo IL gjorde følgjande vedtak i sak 47/19 den 23.09.2019:

«Hafslo IL vedtek å stå som søker av bygg på husmannsplassen Fluga til hestesport / hesteaktivitet. Det skal opprettast ei samarbeidsavtale mellom Hafslo IL og Hafslo sogelag der føresetnaden er at Hafslo sogelag skal stå for alt det praktiske knytt til oppføring av anlegget, og ha alt ansvar for drift og vedlikehold av dette.»

På grunnlag av dette, vart det inngått samarbeidsavtale mellom Hafslo Sogelag og Hafslo Idrettslag 23.09.2019 om at Hafslo IL står som søker om spelemidler for anlegget, men at Hafslo Sogelag står for alt det praktiske knytt til oppføring av anlegget, og ha alt ansvar for drift og vedlikehold av dette.

Spelemiddelsøknad vart sendt inn hausten 2019, og søknaden vart godkjend våren 2020. Arbeidet med anlegget er påbegynt hausten 2020.

ANLEGGSNR.	ANLEGG	STATUS	ANSVAR	PLAN FOR FERDIGSTILLING
41482	LYSANLEGG GRASBANA - HAFSLO STADION I MOANE	LIGG INNE I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN 2020-2023 ORDINÆRE ANLEGG, MED SPELEMIDDELLØYVING I 2022. SPELEMIDDELSØKNAD GODKJENT VÅR 2020. ANLEGGET ER NABOVARSLA, OG DET ER INNHENTA PRISTILBOD FRÅ ULIKE ENTREPRENØRAR. BYGGESØKNAD OG VAL AV LEVERANDØR VERT ETTER PLANEN GJORT I LØPET AV VÅREN 2021. PLANEN ER Å KOMME I GONG MED BYGGARBEID SOMMAR 2021	HOVUDSTYRET I SAMARBEID MED FOTBALLGRUPPA OG STADIONSTYRET	HAUST 2021
17419, 17420	HOPP K10, K19 MED LYSANLEGG OG SKITAU VED SOGN SKISENTER	LIGG INNE I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN 2020-2023 NÆRMILJØANLEGG, MED SPELEMIDDELLØYVING I 2023. SPELEMIDDELSØKNAD SENDT INN HAUST 2020. FINANSIERING ER PÅ PLESS, OG ARBEID KAN STARTE OPP I 2021 DERSOM SPELEMIDDELSØKNAD VERT GODKJENT	HOPPGRUPPA	2022?
76607	GRILLHYTTE/GAPAHUK VED KUNSTGRASBANA/SKULEOMRÅ DET	LIGG INNE I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN 2020-2023 ORDINÆRE ANLEGG MED SPELEMIDDELLØYVING I 2021. SPELEMIDDELSØKNAD VART GODKJENT SOMMAR 2020, OG ANLEGGET VART OPNA OG TEKE I BRUK DESEMBER 2020. STÅR ATT NOKO MINDRE ARBEID MED MÅLING OG STRAUM.	HAFSLO IL ER SØKJAR/EIGAR. AVTALE MED HAFSLO BYGDELAG OM DRIFT OG VEDLIKEHALD	2020/21

75552	BYGG/ANLEGG FOR HESTESPORT PÅ FLUGA	LIGG INNE I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN 2020-2023 ORDINÆRE ANLEGG MED SPELEMIDDELLØYVING I 2021. SPELEMIDDELSØKNAD VART GODKJENT VÅR 2020, OG ARBEIDET MED ANLEGGET ER PÅBEGYNT HAUST 2020.	HAFSLO IL ER SØKJAR/EIGAR. AVTALE MED HAFSLO SOGELAG OM DRIFT OG VEDLIKEHALD	2022?
-------	-------------------------------------	--	--	-------

DEL 3. PLANLAGDE ANLEGG

Som del av saksutgreiinga i samband med revidering av anleggsplanen i forkant av årsmøtet i 2019, vart det gjort ei utgreiing av dei ulike anlegga som Hafslo IL har behov for:

- 1. Utvikling av anlegg for vinteridrett ved Sogn Skisenter.** Det er to anlegg som det er særleg ønskje om vert prioritert gjennom Sogn Skisenter AS. Dette er ny rulleskiløype (stadion og rulleskiløype, med grunnarbeid, asfalt, snøproduksjonsanlegg og lyssetjing), og nytt hoppanlegg (nærmiljøanlegg K10+K19). Årsmøtet i Hafslo IL har tidlegare gjennom eige vedtak vedteke å løyve 300 000 kr til langrennsanlegget og 200 000 kr til hoppanlegget under føresetnad av at IL Bjørn også bidreg og at prosjektet løyser spelemidlar. Frå 2015 og fram til 2018 har arbeidet med ny reguleringsplan vore hovudfokus ved skisenteret. Reguleringsplanen er no vedteken, og ein er i posisjon til å gå vidare med å få realisert desse anlegga. For detaljar knytt til satsinga ved Sogn Skisenter, vert det vist til dei planlagde prosjekta for hoppanlegget (K10 + K19), samt langrennsanlegg med asfalt og snøproduksjon som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Hafslo IL ønskjer at desse anlegga framleis skal ha høg prioritet også i neste planperiode.
- 2. Hoppbakkar K45 og K65-70 på Heggmyrane.** Først når desse bakkane vert realisert, vil noverande hoppanlegg i Kvam verte fullt ut erstatta og Sogn Skisenter kan få status som regionanlegg for nordiske greiner. Vidare utbygging av hoppanlegget utover nærmiljøanlegget, vil konkurrera om både kapasitet og prioritering av andre anlegg som er under planlegging på skisenteret. For å

realisere liten hoppbakke (K40-45), må truleg idrettslaget stå som byggherre i samarbeid med Sogn Skisenter. Eit K45 anlegg i hopp vil ha ei kostnadsramme på rundt 3 millionar kr + mva. Mellomstor hoppbakke for gute- og jentehopparar (K65-70), er det heller ikkje avsett tilstrekkeleg areal for i gjeldande reguleringsplan. For å få tilgang til tilstrekkeleg areal for mellomstor hoppbakke (K65-70) er det behov for mindre utviding på LNF-område gjennom reguleringsendring. Ut i frå samla ressursbruk, uavklarte forhold kring det å stå som anleggseigar og uavklarte forhold kring tilgang til naudsynt areal, gjer at Hafslø IL ikkje går inn for ei høg prioritering av å få realisert hoppbakkar på K45 og K65-70 i løpet av den neste planperioden.

- 3. Forenkla kunstgrasanlegg på grusbana.** Dette inneber å legge matte på grusen, med ei brukt kunstgrasmatte oppå. For å realisere dette må eksisterande lysanlegg på eine langsida flyttast nokre meter sørover og grusbana utvidast tilsvarande. Dette vil krevje omregulering frå landbruksføremål til idrettsføremål, dvs ny reguleringsplan med ny grunneigaravtale. I tillegg ligg eit sånt prosjekt utanfor spelemiddelordninga. Dette betyr at Hafslø IL vil måtte betale heile investeringa sjølv. Ikkje noko framtidig vedlikehald vil kunne vera kvalifisert for tilskot. Vidare vil ein også måtte omregulere, og opparbeide nytt areal til parkeringsføremål. Styret i Hafslø IL frårår derfor at ein går vidare på eit sånt prosjekt, då det vil krevja 100 % eigenfinansiering til både utbygging og drift, til opparbeiding av nytt parkeringsareal, og til reguleringsplanarbeidet.
- 4. Kunstgras på 11'ar bana i Moane.** Dette vil krevje at løpebanene vert avvikla fordi bana må utvidast i breidda. Kostnadsramma vil truleg ligge på rundt 10 mill + mva. I saksutgreiinga bak den kommunale løyvinga til kunstgrasbana i Gaupne, er det understreka at den nye kunstgrasbana i Gaupne skal dekke fotballen sitt behov for kunstgrasbaner i *heile kommunen*. Dette er også hovudargumentet frå idrettsrådet for kvifor dette anlegget skulle prioriterast med kommunale løyvingar og spelemiddlar. Å få politisk aksept for nye store kunstgrasanlegg i Luster kommune kan derfor bli ein utfordring. Styret i Hafslø IL rår til at ein får inn dette anlegget i anleggsplanen då det er behov for eit slikt anlegg, men at ein ikkje prioriterer realisering av dette anlegget i neste planperiode. Så kan behov og moglegheiter utgreiast fortløpande i løpet av neste planperiode.

- 5. Lysanlegg Hafslo stadion.** Eit lysanlegg på Hafslo stadion, vil utvide bruksmoglegheitane for grasbana tidleg om våren og om hausten. Det har vore ei utfordring å få arrangert seriekampar 9ar og 11ar dei siste to månadane om hausten på grunn av manglande lys. Lysanlegg kan realiserast innanfor spelemiddelordninga. Det er innhenta eit kostnadsoverslag for lysanlegg på Hafslo stadion frå Luster Energiverk, og estimerte kostnader er på om lag 1,3 millionar. Styret rår til at det vert sendt inn spelemiddelsøknad for lysanlegg på Hafslo stadion våren 2019 og at dette vert høgt prioritert i komande planperiode.
- 6. Fleirbrukshall Hafslo.** Det er frå fotballgruppa si side ytra ynskje om at Hafslo IL skal arbeide for å realisere ein fleirbrukshall på Hafslo. Eit anlegg som dette vil kunne realiserast innanfor ei kostnadsramme på 16-18 mill. kr, dersom ein har tilgjengeleg areal. Grunnarbeid kjem i tillegg. Fleirbrukshallar bør vidare etablerast i nærleiken av skular. Då dette er eit forholdsvis stort prosjekt, rår styret i Hafslo IL til at ein prøver å realisere eit slikt anlegg gjennom politisk arbeid. Prosjektet er for stort til at Hafslo IL kan vera anleggseigar åleine.
- 7. Friidrettsanlegg Hafslo stadion.** Det er behov for større vedlikehald av løpebana, lengdegropa og kastegropa på friidrettsanlegget. Vi har vurdert om det er grunnlag for ei rehabilitering av anlegget innanfor spelemiddelordninga. Slik status er i dag, vurderer vi at det ikkje grunnlag for ei rehabilitering, men at anlegget kan haldast i brukbar stand gjennom ein større vedlikehaldsinnsats. Det bør derfor prioriterast å gjennomføre vedlikehald i form av utskifting av grus på løpebana, lengdegropa og kastegropa i løpet av dei neste par åra.

På grunnlag av at det i 2019 og 2020 er sendt inn spelemiddelsøknader for lysanlegg på Hafslo Stadion og hopp K10,19, lysanlegg og skitau, vert prioriteringa for dei planlagde anlegga justert i tråd med dette.

Grunngeving for prioritering mellom anlegga:

I planperioden 2010-2014 vart sommaridrettane fotball og orientering prioritert. Begge desse idrettane har i løpet av planperioden 2010-2014 fått realisert sine ønskje i form av 7'ar bane kunstgras og eit orienteringskart. Det vart derfor tilrådd at det i planperiode 2015-2018 vart ein prioritering av vinteridrettane. Det vart i løpet av hausten 2014 sett i gang eit større planarbeid på Sogn Skisenter med tanke på å betre anlegga for både langrenn, hopp og alpint. Denne satsinga løyser heilt avgjerande behov for vinteridrettane. Hoppanlegget i Kvam skal fasast ut i 2019, og utan nye hoppbakkar på Heggmyrane vil det vera vanskeleg for Hafslo IL å kunne halde fram med hopp som aktivitet. Langrenn treng løyper som er tilpassa dagens standard og der noko av traseen er asfaltert. Asfalttrasê vil forlenge sesongen betydeleg og også danne grunnlag for aktivitet på sommarstid. Sogn Skisenter fullførte forprosjektet for anleggsutviklinga oktober 2014. Frå 2015 og fram til 2018 har arbeidet med ny reguleringsplan vore hovudfokus ved skisenteret. Hafslo IL vil derfor i denne planen fremja eit ønskje om at dei nye anlegga for vinteridrettane ved Sogn Skisenter vert høgt prioritert når kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal reviderast. For detaljar knytt til satsinga ved Sogn Skisenter, vert det vist til dei planlagde prosjekta for hoppanlegget (K10 + K19), samt langrennsanlegg med asfalt og snøproduksjon som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Hafslo IL ønskjer at desse anlegga framleis skal ha høg prioritet også i neste planperiode.

Sogn Skisenter har arbeidd for å realisera bygging av hoppbakkane K10+K19 i denne planperioden, men må venta til ein har avtale med grunneigar på plass. Langrennsanlegget (grunnarbeid, asfaltering, snøproduksjon og lys) vil krevje mykje av kapasiteten ved skisenteret i den komande planperiode og vidare utbygging av hoppanlegget utover nærmiljøanlegget vil konkurrera om både kapasitet og prioritering av andre anlegg under planlegging på skisenteret. For raskast mogleg realisering av liten hoppbakke (K40-45) må truleg idrettslaget stå som byggherre i samarbeid med Sogn skisenter. Mellomstor bakke for gut- og jentehopparar (K65-70) er det ikkje avsett tilstrekkeleg areal for i gjeldande reguleringsplan, men avsett areal for skianlegg med mindre utviding på LNF-område gjev også plass til ein mellomstorbakke (K65-70). Først

når K45 og K65-70 bakane er på plass, vert noverande hoppanlegg i Kvam erstatta og Sogn skisenter kan få status som regionanlegg for nordiske greiner i samsvar med Sogn og Fjordande sin anleggsplan.

Hausten 2020 er det sendt inn spelemiddelsøknad for hopp K10, K19, lysanlegg og skitau, sjå del 2. Hafslo IL held fast på at langrennsdelen av satsinga ved Sogn Skisenter framleis har høgste prioritet i gjeldande anleggsplan av anlegga som ikkje er påbegynt. Ut i frå samla ressursbruk, uavklarte forhold kring det å stå som anleggseigar og uavklarte forhold kring tilgang til naudsynt areal, gjer at Hafslo IL ikkje går inn for ei høg prioritering av å få realisert hoppbakkar på K45 og K65-70 i løpet av den neste planperioden.

Spelemiddelsøknad for lysanlegg i på Hafslo stadion er også godkjent våren 2020, sjå del 2 ovanfor. Dette anlegget går også ut av lista over prioriterte anlegg som det ikkje er sendt inn spelemiddelsøknad for.

På grunnlag av endringane som har skjedd frå opprinneleg anleggsplan for 2019-2022 vart vedteken, jf. del 2 ovanfor, justerer Hafslo IL prioritering av nye anlegg for planperioden 2019-2022 i tråd med dette.

Priorite ring	ANLEGG	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	Plan status	ANSVAR
1	UTVIKLING ANLEGG FOR VINTERIDRETT SOGN SKISENTER (STADION, RULLESKILØYPE)	FORPROSJEKTET FERDIG. HAFSLO IL ØNSKJER AT DETTE PROSJEKTET SKAL BLI HØGT PRIORITERT NÅR KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET VERT REVIDERT. HAFSLO IL MÅ OPPRETTE EIN DIALOG MED SOGN SKISENTER OG IL BJØRN OM VIDARE PROSESS FOR DETTE ANLEGGET.	FORPROSJEKT ER FERDIG B: AVKLART O: AVKLART BU: AVKLART ? F: AVKLART ? A: UAVKLART U;AVKLART ? M:AVKLART ? AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART	SOGN SKISENTER ER ANLEGGSEIGAR HAFSLO IL OG IL BJØRN ER BIDRAGSYTAR

2	HOPPANLEGG K45 SOGN SKISENTER	<p>SOGN SKISENTER KJEM TRULEG IKKJE TIL Å HA KAPASITET TIL Å KUNNE REALISERE ANNA ENN NÆRMILJØANLEGGET FOR HOPP (K10 OG K19) OG RULLESKILØYPA I KOMANDE PLANPERIODE. DERSOM SOGN SKISENTER IKKJE HAR KAPASITET TIL STÅ SOM SNARLEG UTBYGGAR AV K45-BAKKEN, KAN HAFSLO IDRETTSLAG VERA BYGGHERRE ETTER AVTALE MED SOGN SKISENTER SOM BLIR ANLEGGSEIGAR. SPONSORARAR MÅ VERA VIKTIGE BIDRAGSYTARAR. ANLEGGET LIGG INNE I DEN KOMMUNALE HANDLINGSPLANEN FOR ORDINÆRE ANLEGG MED SPELEMIDDELLØYVING I 2023. DET MÅ SETTAST I GONG EIN PROSESS FOR Å FØREBU SPELEMIDDELSØKNAD, OG FØREBU SAK TIL ÅRSMØTET I 2022, SLIK AT SPELEMIDDELSØKNAD KAN SENDAST INN HAUSTEN 2022.</p>	<p>B: AVKLART O: AVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;AVKLART M:AVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART</p>	HOPPGRUPPA/ AVTALE MED SOGN SKISENTER SOM ANLEGGSEIGAR.
3	KUNSTGRAS 11' AR BANE MOANE	<p>ER BEHOV FOR SLIKT ANLEGG, MEN MÅ UTGREIAST NÆRARE FØR DET KAN REALISERAST.</p>	<p>B: AVKLART O: AVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;UAVKLART M:UAVKLART AN: UAVKLART D: UAVKLART</p>	FOTBALLGRUPPA OG STADIONSTYRET
4	FLEIRBRUKSHALL HAFSLO	<p>DET ER BEHOV FOR EIN SLIK FLEIRBRUKSHALL PÅ HAFSLO GRUNNA STOR AUKE I FOLKETAL OG BORN SIDAN NOVERANDE SAMFUNNSBYGG VART REALISERT. IDRETTSLAGET TRENG TRENINGSAREAL PÅ VINTERSTID. DÅ DETTE ER EIT FORHOLDSVIS STORT PROSJEKT, RÅR STYRET I HAFSLO IL TIL AT EIN PRØVER Å REALISERE EIT SLIKT ANLEGG GJENNOM DIALOG MED KOMMUNEN OG GJENNOM POLITISK ARBEID. PROSJEKTET ER FOR STORT TIL AT HAFSLO IL KAN VERA ANLEGGSEIGAR ÅLEINE. ØNSKJER LIKEVEL Å FÅ ANLEGGET INN I PLANEN, SLIK AT EIN KAN ARBEIDE VIDARE MED PLANANE I KOMANDE PLANPERIODE. FLEIRBRUKSHALL ER SPELT INN I ARBEIDET MED NY OMRÅDEPLAN FOR HAFSLO SENTRUM I JANUAR 2021.</p>	<p>B: AVKLART O:UAVKLART BU:UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U:UAVKLART M:UAVKLART AN:UAVKLART D:UAVKLART</p>	HOVUDSTYRET, FOTBALLGRUPPA OG STADIONSTYRET
5	HOPPANLEGG K70 SOGN SKISENTER	<p>FULLVERDIG ERSTATNING (FLYTTING) AV HOPPANLEGGET I KVAM ER IKKJE FULLFØRT FØR DET ER KOMEN EIN BAKKE MED K60-70 METER PÅ HEGGMYRANE. DET ER IKKJE ANDRE ANLEGG MED DENNE STORLEIK</p> <p>I SOGN OG SOGN OG FJORDANE SKIKRINS SIN ANLEGGSPPLAN HAR DEN SOM FØRSTE PRIORITET SOM REGIONANLEGG. REALISERING AV DENNE BAKKEN ER AVGJERANDE FOR AT SOGN SKISENTER KAN BLI REGIONANLEGG FOR NODRISKE GREINER. DERSOM SOGN SKISENTER IKKJE HAR KAPASITET TIL STÅ SOM SNARLEG UTBYGGAR AV TIL K60-70, KAN HAFSLO IDRETTSLAG</p>	<p>B: AVKLART O: AVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;AVKLART M:AVKLART AN: UNDER PLANLEGGING</p>	HOPPGRUPPA/ AVTALE MED SOGN SKISENTER SOM ANLEGGSEIGAR

		VERA BYGGHERRE ETTER AVTALE MED SOGN SKISENTER SOM BLIR ANLEGGSEIGAR. SPONSORARAR MÅ VERA VIKTIGE BIDRAGSYTARAR.	D: UAVKLART	
--	--	--	-------------	--

B:Behov. O:Omfang. BU: Budsjett. F:Finansiering. A:Areal. U:Universell utforming. M:Miljøtilpasning. AN: Anleggsperiode og organisering av arbeidet. D: Driftsplan.

Oppdatert anleggsplan for Hafslo IL 2019-2022 vert lagt fram for årsmøtet 11.03.2021 for godkjenning.